
Bendik og Årolilja

1) Bendik rir åt Sølondo,
ville han skøa møy;
han var inkje lagje til att'e koma,
difyr så laut han døy.
Årolilja, kvi søv'e du så lengje?

3) Han var inkje i konungs-garde,
meir hell månar two;
han la seg i med kongjens dotter
i så stor elskog.
Årolilja, kvi søv'e du så lengje?

8) Om dagen rid Bendik i skogjen ut
og veider den ville rå,
om notti søve han hjå jomfruva
det gjeld'e hass livet på.
Årolilja, kvi søv'e du så lengje?

13) Det var kongjen av Sølondo,
han slær sin neve i bord:
Bendik skò inkje livet njote,
om eg vann all verdsens jord!
Årolilja, kvi søv'e su så lengje?

25) Sunnan fure kyrkja
der let han Bendik liv,
midt opp i høge loftet
der sprakk hass vene viv.
Årolilja, kvi søv'e du så lengje?

28) Så la dei han Bendik norda kyrkja
og Årolilja sunna,
det vokser opp av deiris grefti
two fagre lilje runnar.

30) Det vokser opp av deiris grefti
dei fagre two lilje blomar;
dei krøktes i hop ivi kyrkjesvoli,
der stend dei kongjen til domar.
Årolilja, kvi søv'e du så lengje?

Forklaringer:

Årolilja: Olun liljan. Olrun denliljefagre. - **Sølondo:** sørlanda. - **skoa:** skoda, velja ut. - **gullbrautine:** gull-laga trapp eller bru i jomfruburet. - **grefti:** graver. - **Kyrkjesvoli:** kyrkjesvala. - **til domar:** til doms, som dom over.

Opplysningar:

Visa bygger på to ulike kjelder; den danske fornsegna Hagbard og Signe og den romantiske soga om Tristian og Isold.

Somme av dei mest dramatiske motiva i den danske segna,m.a. hemnen over drapet på Bendik, er ikkje med i vår vise, men finst i Kjølnervisa (fra Finnmark) og ei dansk vise Hagbard og Signe.

I Telemarkformene er kjærleiken er kjærleiken mellom Bendik og Årolilja hovudmotivet. Det er her slektskapen mellom Tristan og Isold-soga er sterkest, ikkje berre i ånd og tone, men også i mange einskilde drag. Kjærleiken, som korkje noka menneskeleg makt eller døden vinn over, er symbolisert i liljeblomane som veks oppfrå gravane til Bendik og Årolilja og krøkjest i hop over kyrkjjetaket.